

Dok. ref.
09/2192-53/K1-231//MTS

Dato:
27.01.2014

FORSKRIFT OM GEBYR FOR HANDSAMING AV AVKØYRSLELØYVE

HEIMEL:

Bruk av gebyr har heimel i plan- og bygningslova § 33-1

VEDTAK: Stryn kommunestyre 24.04.2014

GENERELLE FØRESEGNER:

Dei som får utført offentlege tenester skal betale gebyr til kommunen i høve til reglane i dette regulativet.

Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyret skal betalast sjølv om søknaden blir avslått.

HANDSAMING:

Kommunen handsamar og godkjenner søknad som gjeld:

- Bygging av ny avkøyrsløve
- Flytting av avkøyrsløve
- Endra bruk av avkøyrsløve

BETALINGSPLIKT:

Faktura for gebyr etter dette regulativet, vert normalt skrive ut i samband med at det vert gjeve løyve eller gjort vedtak.

MEIRVERDIAVGIFT:

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift på gebyra.

URIMELEGE GEBYR:

Dersom gebyret vert urimeleg i høve til det arbeid ein har hatt med saka eller er openbart urimeleg av andre grunnar, kan kommunen fastsetje passende gebyr.

KLAGEADGANG:

Det kan ikkje klagast på fastsetjing av gebyr i den ein skilde sak. Kommunal avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr, kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

ENDRING AV REGULATIVET:

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet i samband med vedtak av budsjettet.